

# Du og naturen – å analysere og skrive egne naturdikt

Av Marit Lovise Brekke

Som lærarstudent har du kanskje tenkt over at det er viktig å undervise om berekraft og miljøutfordringar, men samstundes at du må gjere det på ein måte som ikkje gjer elevar engstelege eller uroa for eiga framtid. Gjennom å lese tekstar kan ein diskutere korleis naturen vert skildra i dei, og gjennom å jobbe med naturen som litterært tema, til dømes i lyrikkundervisninga, kan elevane få mange fine og gode refleksjonar om eige forhold til naturen. Det er viktig å kunne snakke om temaet på mange måtar, og innanfor den litteraturvitskaplege retninga økokritikken finst det nettopp ulike tilnærmingar og vektleggingar som kan inspirere til litteraturundervisning. Denne teksten gir ein introduksjon til nokre av desse tilnærmingane og viser korleis dei kan brukast i arbeid med lyriske tekstar.

## *Lesestopp 1 med læringspartnar:*

1. Tenk over: Kjenner de nokre dikt eller songar som handlar om natur?
2. Korleis vert naturen skildra i dikta/songane?
3. Skriv ned nokre idear til eit naturdikt saman med læringspartnar, eller arbeid åleine.

Nedanfor får du meir kunnskap om økokritikken, tenk over medan du les, korleis du kan bruke økokritiske perspektiv i diktet ditt.

## **DEL 1. Økokritikken som litterær retning – nokre kjenneteikn**

Det finst mange ulike retningar innanfor økokritikken, men før vi ser på nokre av dei, skal vi innleiingsvis diskutere bakgrunnen for økokritikken. Økokritikken er politisk motivert og ønsker både å stimulere til auka medvit om menneskas forhold til naturen, og til å skape endring: «Økokritikk er en form for ideologikritikk. Det handler om å synliggjøre skjulte strukturer og tenkemåter for å bevisstgjøre og skape endring», hevdar Furuseth og Hennig (2023, s. 13). Den litteraturteoretiske retninga og det tilhøyrande forskingsfeltet oppsto parallelt med miljørørsla på 1960- og 1970-talet. Omgrepet økokritikk er knytt til William Rueckert (1978) og ein av dei mest kjende definisjonane av den litteraturvitskaplege økokritikken er at den er «an earth-centered approach to literary studies» (Glotfelty, 1996,

xviii). Det betyr at det ein assosierer med jorda og naturen som fjell, tre, vatn, dyr og årstider vert studert i ein litterær samanheng. I den tidlege økokritikken er det likevel ikkje alle deler av naturen som er sett på som like interessant. Tekstar som skildrar byar vert det mindre forska på i forhold til tekstar som skildrar meir landlege og rurale strok.

### **Perspektivet vert utvida: posthumanisme og nymaterialisme**

Greg Garrard (2012) utvidar perspektivet når han skriv at økokritikken studerer forholdet mellom det menneskelege og det ikkje menneskelege, altså ikkje berre naturfenomen, men alt som finst som kan definerast som ikkje-menneskeleg. Garrards definisjon har opna økokritikken for nye retningar som posthumanisme og nymaterialisme der nettopp det ikkje-menneskelege vert diskutert hos ei rekke teoretikarar (Morton, 2017; Braidotti, 2013). Desse posthumanistiske teoretikarane er opptekne av grenseoppgangane mellom det menneskelege og det ikkje-menneskelege, til dømes i robotar og teknologi. I vår tid kan vi menneske få til dømes implantat og kunstige organ som held det i live, og teoretikarar som Timothy Morton (2017) vil hevde at desse endringane betyr at ein må diskutere kva som kjenneteiknar det menneskelege i møte med teknologien.

### **Litterær økosentrisme – nokre kjenneteikn**

Sidan den litteraturvitskapelege økokritikken er eit stort forskingsfelt, har ein prøvd å finne nokre fellestrekk ved tekstane. Den amerikanske økokritikaren Lawrence Buell (1995) har kome fram til forskjellige kriterium for det han kallar litterær økosentrisme: Det første er at det ikkje-menneskelege miljøet må vere til stades som noko meir enn berre ein bakgrunn for menneskeleg aktivitet i teksten. Det betyr blant anna at miljøet må spele inn i handlinga av teksten på ein aktiv måte. Eit døme kan vere romanar eller lyrikk der dei litterære karakterane vert utfordra av naturkrefter eller naturfenomen, og at naturen spelar ei aktiv rolle i handlinga. Innanfor ny-materialismen vert nettopp naturen framstilt som formande på menneska, naturen formar vilkåra deira, den endrar dei, den destabiliserer dei og den er aktiv (Iovino & Oppermann, 2012). Det andre kjenneteiknet er at det ikkje berre er menneskelege behov som skal stå som det einaste sentrale i teksten. Det kan til dømes vise seg gjennom korleis karakterane og naturen vert jamstilte.

Det tredje kriteriet er eit etisk mål om å halde mennesket ansvarleg for miljøet (her kjem menneskets forvaltaransvar inn) og det fjerde er at naturen vert framstilt som ein dynamisk prosess, ikkje som noko som er statisk eller gitt (Buell, 1995, s. 7-8).

### **Naturfeirande og naturproblematiserande haldning**

Sentralt i økokritikken er at ein diskuterer forholdet mellom det menneskeskapte samfunnet og det naturskapte miljøet, og dette forholdet er dynamisk og kjem til uttrykk på ulike måtar i litteraturen. Noko litteratur formidlar eit antroposentrisk syn på verda (der mennesket og det menneskelege er i sentrum), medan annan litteratur i større grad viser eit økosentrisk syn der naturen og det naturskapte er framheva som mest viktig i teksten. Dei økosentriske perspektiva kan kome til uttrykk på ulike måtar i litteraturen, og kan pendle mellom ei naturfeirande eller ei naturproblematiserande haldning (Birkeland, 2016; Goga et al., 2023).

Den naturfeirande haldninga finn vi mellom anna i romantikkens feiring av naturen, der naturen vert sett på som både harmonisk og noko menneska lever i og med, og som også hjelper dei til å verte harmoniske menneske. Naturen skulle oppsøkjast og beundrast, for mennesket hadde det best med seg sjølv når det var i naturen, meinte den sveitsiske filosofen og forfattaren Jean-Jacques Rousseau. Han beskriv korleis «mennesket etter hvert har blitt fremmedgjort fra en primitiv, men lykkelig naturtilstand, og gjennom sivilisasjonen (...) er underkastet skadelige og urettferdige betingelser» (Furuseth & Hennig, 2023, s. 50). Det romantiske natursynet prega både filosofar, forfattarar og målarar, og spreidde seg frå Tyskland og Frankrike til dei nordiske landa. Naturskildringane vart brukt i dei skandinaviske nasjonalsongane som vart skrivne på siste delen av 1800-talet, og understreka det særmerkte både ved landet, men også ved folket som budde der.

Den naturproblematiserande haldninga kan ein også seie tek utgangspunkt i romantikken, eller den meir gotiske romantikken, der det å tukle med naturen gjer at han vert farleg og utilrekeleg. Eit kjent døme er romanen *Frankenstein* av Mary Shelley (1818), der doktor Frankenstein prøvar å skape eit vesen, og grip slik inn i den naturlege orden. Den naturproblematiserande haldninga viser seg i litterære dystopiar der naturen tek hemn over menneska, og der naturkatastrofane er resultat av at mennesket utfordrar naturen eller at menneska har ein manglande evne eller vilje til å ta vare på naturen.

## **Snøsong av Jon Fosse**

No skal vi lese diktet «Snøsong» av Jon Fosse frå diktsamlinga *Stein til stein* (2013). Fosse er ein av dei mest anerkjende forfattarane i Noreg og han fekk Nobelprisen i litteratur i 2023.

Gjennom å lese dikt høgt får du ei ny språkerfaring, og det å lese dikt på ulike skriftspråk kan vere ein viktig metode for å utforske språk. Innanfor nordisk didaktikk er det å lese høgt kalla ei produktiv språkferdigheit, nettopp fordi ein les på eit anna språk enn morsmålet. Dersom du derimot brukar stillelesing vert det kalla ei reseptiv språkferdigheit.

Les teksten i læringspar. Først les du teksten stilt ein gang gjennom. Øv deg litt på korleis du vil lese teksten. Les deretter kvar sin gang.

### **Snøsong**

det å sitja og sjå på eit fjell  
gjer meg godt  
hjarta blir roleg  
og snøen på eit fjell  
lyfter andletet mitt mot ein stad  
inne i den skimrande snøen  
og snøen  
i lyset  
seier meg  
det er deg det gjeld  
og då trur eg det finst ein stad  
som også eg skal finna  
der vinden snakkar lågt  
og der kjærleik andar  
i si lyse stille  
av himmel og jord  
og er ein stad for kvile  
i ei sky som driv forbi

## *Lesestopp 2 med læringspartnar:*

Etter lesinga kan de gå gjennom diktet saman:

1. Skrive ned ord de ikkje skjønar.
2. Diskuter kva desse orda kan bety ut frå konteksten (samanhengen dei står i)
3. Ta utgangspunkt i det du har lese om det naturfeirande og naturproblematiserande natursynet.
  - Forklar først forskjellen mellom dei to omgrepa til læringspartnar, og sjekk om de har forstått omgrepa likt.
  - Deretter diskuterer de om diktet Snøsong er naturfeirande eller naturproblematiserande?

### **Analyse av diktet «Snøsong» av Jon Fosse**

I diktet «Snøsong» vert naturen skildra som ein kvilestad, der snøkrystallar svevar i lufta, der diktar-eg'et tek inn naturen gjennom sansar, primært synssansen, «det å sitja og sjå på eit fjell gjer meg godt». Samstundes vert snøen skildra som aktiv i diktet: «snøen på eit fjell lyftar andletet mitt mot ein stad inne i den skimrande snøen» og «snøen i lyset seier meg». Snøen opptrer som ei transformerande kraft, vender seg til diktar-eg'et og gir ny innsikt: «det er deg det gjeld». Det kan tolkast som ein lovnad eller som ei påminning om at «eg» er viktig.

Oppbygginga av diktet, frå innsikta innleiingsvis «Å sjå på eit fjell gjer meg godt», til det som kan tolkast som ei meir religiøs eller åndeleg oppleving «det finst ein stad som også eg skal finna», «ein stad for kvile» er tydeleg i diktet. Ein kan også underforstått tenke seg at diktar'eg'et har behov for ro. Det å få ro er også knytt til hjartet : «hjarta blir roleg». Naturen vert ein stad for meditasjon og for kvile, og kan hjelpe diktar-eg'et til å få restituere seg.

Det er ein kontrast mellom den flyktige snøen som fell over det tidlause, faste fjellet. Snøen kjem ovanfrå «der vinden snakkar lågt og der kjærleik andar», og kan lesast som ei påminning om det religiøse etterlivet. Bruken av verbet trur, kan tolkast i same lei: «og då trur eg det finst ein stad som også eg skal finna». Skya i siste verselina kan også tolkast gi religiøse assosiasjonar: «ei sky som driv forbi», kan minne om englevenger. Samstundes kan skya vere ei påminning om det flyktige jordelivet, som fort forsvinn.

Diktet opphevar etter kvart skiljet mellom himmel og jord, mellom det konkrete og abstrakte, mellom det fysiske og det metafysiske. Det er både synet av fjellet og synet av snøen på fjellet som gjer diktar-eg'et roleg. Det vert også understreka på slutten av diktet «der kjærleik andar i si lyse stille av himmel og jord», altså at både himmelen og jorda gjer diktar-eg'et godt, og at himmel og jord er i harmoni med kvarandre.

Tittelen «Snøsong» kan understreke at det er snøen som kommuniserer i diktet, det er snøen som syng, men det er ein stille song, samstundes er den taktfast og den svevar i eige tempo. Denne stillferdige kommunikasjonen vert vidare understreka av vinden som «snakkar lågt», og rytmen frå kjærleik «som andar».

Allitterasjonar kan understreke kor stille det er. Særleg ord som startar på s kan fungere som søvnfremjande eller syngande «sitja og sjå», «ein stad inne i den skimrande snøen», «snøen i lyset seier meg». Det finst også fleire døme på besjeling i teksten sidan snøen er skildra med menneskelege eigenskapar, og kan «lyfte» eller «seie» og at vinden «snakkar lågt». Slik får Fosse fram korleis diktar-eg'et og naturen kommuniserer med kvarandre, og korleis naturen kan ha ein harmoniserande verknad på mennesket.

## **DEL 2: Økokritikken og vern av dei sårbare.**

Sidan den litterære økokritikken understrekar at naturen er sårbar og treng vern, har forskinga vore oppteken av korleis sårbare grupper som urfolk, kvinner, barn og dyr har vorte skildra i litteraturen. Urfolk har tradisjonelt levd i naturen, og har vore avhengig av naturressursane. Mytologien deira avspeglar respekten for naturmangfald, at naturen er heilag og at mennesket er underlagt naturlover og naturmagi. Men det er ikkje nødvendigvis presist å framstille forholdet mellom natur og urfolk som harmonisk; det kan vere prega av både spenningar og motsetningar: Når majoriteten beundrar den samiske kulturen, kan dei ofte romantisere forholdet mellom det samiske urfolket og naturen.

Interessa for urfolk har vorte kopla til postkolonialismen som ser på maktrelasjonar mellom tidlegare imperialiststatar og urfolksgrupper, og i ein litterær samanheng korleis desse relasjonane kjem til uttrykk i tekstar. I morsmålsforskinga i Norden har ein til dømes fått meir forskning på samisk barnelitteratur (Kolberg, 2021) og samiske ressursar i læreverk

(Aamotsbakken, 2015; Askeland, 2021). Samisk språk, kultur og litteratur er tema i læreplanane i Noreg, Sverige og Finland og Danmark.

### Økofeminisme

I tillegg til ei interesse for skildring av urfolk i litteraturen, har vern av sårbare grupper inkludert kvinner og barn. Økofeminismen ser samanhengar mellom naturen og kvinner, for begge reproduserer seg, begge er knytt til sirkulære endringar og ulike former for syklusar. Reproduksjon er eit viktig prinsipp innanfor naturen, og er ein garantist for at livet held fram og utviklar seg. Natursynet knytt til kvinner kan seiast å vere todelt: dei er nærme naturen og urkreftene i skapinga, samstundes som dei vert skildra som offer og sårbare i forhold til det menneskeskapte samfunnet. Historisk har det menneskeskapte samfunnet vore knytt til mannen og hans evne til å erobre, legge under seg og regjere. I ein slik kontekst har både landområde, naturområde, urfolk og kvinner vorte offer, nokre teoretikarar brukar omgrepet «det andre», i forhold til at dei har vorte objektiviserte, og ikkje hatt råderetten over eige liv (td. Braidotti, 2022).

Økokritiske lesingar av barnet kan både legge vekt på at barnet er pre-sosialisert, altså ikkje sosialisert endå, men nærmare naturen. Mange meiner derfor at dei kan vere meir intuitive og dei kan bruke fantasien aktivt fordi dei er opne for å sjå verda og naturen på ein annan måte enn vaksne. Det uskulde barnet kan idylliserast som hos Rousseau eller verte sett på som uferdig og må få opplæring i sosialisering, som hos Hume. Den idylliserte framstillinga av barnet har vore vanleg i klassiske forteljingar som *Pippi* og *Ronja Røvardotter* av Astrid Lindgren, men også *Heidi* av Johanna Spyri eller av *Anne frå Bjørkely* av Lucy Montgomery.

## Mauren av Inger Hagerup

I barnelitteraturen møter ein ofte tekstar om dyr. Av dei mest kjende barnedikta i Noreg er Inger Hagerups "Mauren" frå diktsamlinga *Den sommeren* (1971):

Mauren

Liten?

Jeg?

Langtifra.

Jeg er akkurat stor nok.

Fyller meg selv helt

på langs og på tvers

fra øverst til nederst.

Er du større enn deg selv kanskje?

I dette diktet er det mauren sjølv som tek ordet. Til trass for at han er liten, er han godt nøgd med den han er. Avslutningsvis kjem eit tankevekkande spørsmål: «Er du større enn deg selv, kanskje?» Mauren iretteset dei som kjenner seg større enn andre. Alle er så store (eller små) som dei er frå naturens side, og skal vere nøgde med det. Denne moralen kan også minne lesaren på ein sentral ide frå opplysningstida, nemleg den naturlege orden: at naturen var viseleg og klokt innretta, og at alt i naturen hadde sin plass og sine oppgåver.

### *Lesestopp 1 med læringspartnar:*

1. Både «Mauren» og litterære karakterar som Ole Brum er døme på antropomorfisme, altså menneskeleggjering av dyr. Kvifor er dette eit vanleg trekk i barnelitteraturen, trur du?
2. Eit anna trekk i teikneseriar og filmar er superheltar som låner trekk frå dyr, som Antman eller Spiderman. Kva kan vere grunnen til at superheltar låner eigenskapar frå dyr?
3. Kjem du på andre bøker eller seriar der dette vert brukt, og korleis vert det brukt?



## DEL 3: Introduksjon til litterære samtalar

Ein kan aktivisere refleksjonen til økokritikken gjennom å be elevane skrive eigne økokritiske tekstar, men det finst også mange andre måtar å arbeide med økokritikken. Ein kan engasjere elevane gjennom økokritiske litteratursamtalar der elevane diskuterer tekstar dei har lese med kvarandre (Goga, 2019).

I samtalen om dikta kan ein bruke økokritiske litteratursamtalar, som tek utgangspunkt i NatCul-materisen (Goga et al., 2018, s. 12). Sentralt i dei økokritiske samtalanane er to hovudspørsmål:

1. Korleis er natur forstått, og i kva grad er forståinga antroposentrisk eller økosentrisk?
2. Korleis posisjonerer ein seg i omgjevnadene, og i kva grad er posisjoneringa naturfeirande eller problematiserande? (Goga et al., 2023, s. 20).

## Kjelder

- Aamotsbakken, B. (2015). En marginalisert litteratur? Representasjon av samiske tekster i norskfaglige læremidler for ungdomstrinnet. *Norsk Pedagogisk Tidsskrift* 99(3-4), 282-293.
- Askeland, N. (2021). Metaforar om identitet i samisk litteratur i lærebøker i norsk i åra 1987–2014. In *Minoritetsdiskurser i norsk litteratur* (45-66). Universitetsforlaget.
- Birkeland, T. (2016). Forhandling om natur - kultur. En økokritisk lesning av Jürg Müller og Jürg Steiners bildebok *Kaninliv* (1978). *Barnelitterært forskningstidsskrift* 7(1). s. 1-11  
ISSN: 2000-7493 , 2000-7493; DOI: 10.3402/blft.v7.33705
- Bondesson, A S. (2004). *Anna i världen*. Anna Smedberg Bondesson och ellerströms forlag.
- Braidotti, R. (2013). *The Posthuman*. Polity press.
- Braidotti, R. (2022). *Posthuman feminism*. Polity Press.
- Buell, L. (1995). *The Environmental Imagination: Thoreau, Nature Writing and the Formation of American Culture*. Belknap Press.
- Fosse, J. (2013). *Stein til stein*. Samlaget.
- Furuset, S & Hennig, R. (2023). *Økokritisk håndbok. Natur og miljø i litteraturen*. Universitetsforlaget

- Garrard, G. (2012). *Ecocriticism*. Routledge
- Glotfelty, C. (1996). Introduction. I Cheryl Glotfelty & H. Fromm (Red.). *The ecocriticism reader. Landmarks in literary ecology* (s. xv-xxxvii). The University of Georgia Press.
- Goga, N., Guanio-Uluru, L., Hallås, B.G. og A. Nyrnes (2018). *Ecocritical Perspectives on Childrens's Texts and Cultures*. Palgrave macmillan
- Goga, N. (2019). Økokritiske litteratursamtaler – en arena for økt bevissthet om økologisk sam-spill? *Acta Didactica Norge*, 13(2), <https://doi.org/10.5617/adno.6447>
- Goga, N., Guanio-Uluru, L., Kleveland, K og Rimmereide, H. E. (2023). *Økokritiske dialoger. Innganger til arbeid med bærekraft i lærerutdanningene*. Universitetsforlaget. ISBN: 9788215067131, DOI: <https://doi.org/10.18261/9788215067148-23>
- Hageman, S. (1976). *Vinterblommer i Barnekammeret. Henrik Wergelands samlede barnediktning utvalgt og kommentert av Sonja Hagemann*. H. Aschehoug&Co.
- Hagerup, I. (1950). *Så rart. Så rart*. Aschehoug.
- Hagerup, I. (1971). *Mauren. Den sommeren*. Aschehoug.
- Iovino, S. & Oppermann, S. (2012). Material ecocriticism: Materiality, agency, and models of narrativity. *Ecozon@*, 3(1), 75–91. <https://doi.org/10.37536/ECOZONA.2012.3.1.452>
- Jæger, F. (1949). *At være. Morgenens trompet*.
- Kolberg, A.R. (2021). Identitet, konflikt og veien hjem. *Nordlit* 48. <https://doi.org/10.7557/13.5830>
- Morton, T. (2017). *Humankind: Solidarity with non-human people*. Verso.
- Ruckert, W. (1978). Literature and Ecology: An Experiment in Ecocriticism. *The Iowa Review* 9 (1): 71-86
- Rydstedt, A. (1970). *Jag var ett barn*. Bonniers.
- Wergeland, H. (1940). Sommerfuglen. *For Arbeiderklassen*, 4. desember 1840.
- Østergaard, A. (2023). Frank Jæger. Den store danske leksikon. [https://denstoredanske.lex.dk/Frank\\_J%C3%A6ger](https://denstoredanske.lex.dk/Frank_J%C3%A6ger)